



## Møtereferat

23/52254

Tema:	Til stades:
Referat frå møte i skoleutvalet 14.05.25	Joel Sveberg (elevrepr.) Jonas Bolli (elevrepr.) Hugo Pedersen (samfunnkontakt) Kåre Herrem (samfunnkontakt) Rakel Polden (foreldrekontakt vg3) Anita Stavik (foreldrekontakt vg2) Erik Erland Halle (ansatterrepr.) Hilde Andersen (rektor/skoleeigar)
Blir også sendt:	Stad og tid:
På e-post	Surnadal vgs, 14.05.25
Referent:	Neste møte:
Hilde Andersen	Surnadal vgs, 05.06.25

### Agenda

- Skolestruktur
- Oppfølging etter elevundersøkinga
- Eventuelt

### Skolestruktur


Rektor repeterte det vi veit per no om korleis den politiske saka om skolestruktur blir sjåande ut. For detaljar sjå referat frå møte 18.03.25.

### Framdriftsplan:

- 30. mai -25: Høyringa blir sendt ut
- 1. september -25: Høyringsfrist
- 17. oktober -25: Ferdig sak
- Oktober – desember -25: Politisk handsaming i ulike råd og utval
- Desember -25: Vedtak i fylkesting

Det som er nytt sidan sist møte i skoleutvalet er at høyringsdokumentet vil bli bygd opp slik:

## Slik er høyringssaka bygd opp



Dokumentet vil bli digitalt, slik at ein kan klikke seg inn på dei ulike delrapportane og grunnlaga.

Informasjon og relevante dokument vil bli tilgjengeleg på heimesida til Møre og Romsdal, under skolestruktur: [Skole- og tilbodsstruktur - Møre og Romsdal fylkeskommune](#)

Innspel i møtet:

- Mons (samfunnkontakt) har delteke på møte/workshop om tilbodsstruktur i Trøndelag region sør. Heile det videregåande tilbodet (tidlegare Follo og Meldal) samlast no på Orkanger, Orkland vgs. Dette vil gi enda lengre reiseveg for elevane frå Rindal om dei skal gå vgs-skole i eige fylke. Dårleg busstilbod «nordover» forsterkar utfordringa. Dermed er Trøndelagsavtalen, som inneber at elevar frå Rindal og gamle Halsa kan søkje skoleplass i begge fylke, viktigare enn nokon gong.
- Hugo (samfunnkontakt) har orientert om skolestruktursaka på frukostmøte i Surnadal Næringsforening. Han understreka viktigheten av at næringslivet kjem med uttale om kva behov for arbeidskraft det er i regionen både på kort og lang sikt, og kvifor Surnadal vgs er viktig for å dekkje dette behovet. Rektor blir invitert inn på eit seinare møte for å orientere om temaet.
- Hugo orienterte også om at det neste veke vil vera eit møte i Nordmøre Interkommunalt Politisk Råd (IPR) kor tema også er skolestruktur. IPR er eit folkevald organ for kommunane på Nordmøre som skal bidra til samhandling og positiv utvikling i regionen gjennom strategisk samfunnsutvikling.
- Anita, Rakel, Jonas og Joel (foreldre- og elevrepresentantar) løftar problemstillinga med elevar som må bu på hybel. Dette vil både gi utfordringar for gjennomføringsgrad, og det vil bli ei økonomisk belastning for dei elevane det gjeld.
- Erik Erland Halle (ansatterrepresentant) løfta fram problemstillinga med for store og komplekse elevgrupper i samband med samanslåing av elevgrupper frå ulike klassar. Dette er eit tiltak skolen gjer pga lite økonomiske handlingsrom og færre elevar i kvar

enkelt faggruppe. Tiltaket kan gi eit dårlegare pedagogisk tilbod til elevane og eit auka arbeidspress på lærarane.

- Skoleutvalet presiserer viktigheita av god informasjon til alle grupper. Eksempelvis må elevar på ungdomstrinnet og vgs vita om kva moglegheiter som finst i næringslivet, som utgangspunkt for yrkesval.

#### Vidare arbeid:

- Skolen ved rektor og skoleutvalet ynskjer å arrangere eit ope informasjonsmøte torsdag 12. juni kl. 18 for å informere om innhald i og prosess/framdriftsplan kring høyringsdokumentet.
- Skoleutvalet møtast torsdag 5. juni klokka 13:00 - 14:30 for å planlegge det opne informasjonsmøtet, med utgangspunkt i høyringsdokumentet som etter plana blir sendt ut 30. mai. Eigen innkalling kjem.

#### **Oppfølging av elevundersøkinga**

Som orientert om på førre møte bestemte skolen seg for å spesielt følgje opp resultata innafor elevmedverknad på elevundersøkinga. Ansatte, klassar og elevråd har arbeidd med å finne konkrete eksempel frå undervisninga kor elevane aktivt får medverke. Rektor presenterte resultata for skoleutvalet. Resultata som er samla blir teke med inn som eksempel på god praksis i det vidare pedagogiske arbeidet. Nærmore beskriving vil kome i skolen sin årsrapport for 24-25.

#### **Eventuelt:**

##### Fag- og tilbod skoleåret 25-26:

Skolen startar alle klassar på alle fem utdanningstilbod (slik som inneverande skoleår). Pd. er talet på elevar som har fått plass og som har takka ja 218. Erfaringsvis vil dette talet bli noko mindre, sannsynlegvis kring 200 (som inneverande skoleår). Skolen vil ikkje tilby e-sport/toppidrett som programfag i 25-26, elles er fagtilbodet uendra frå i år.

##### Avgangs- og russetid 25-26:

Elevrådsrepresentantane spelte inn russetid som sak til neste ordinære møte i skoleutvalet.

Surnadal vgs,

Hilde Andersen

Rektor og referent for skoleutvalet